



Dato : 19.10.2014
Vår ref. : 14/16933

Saksbeh. : Eldri Siem
Telefon : 61216192
E-post : post@nord-fron.kommune.no

Det Kongelige Landbruks- og matdepartement
Postboks 8007 Dep
0030 OSLO



Nedregate 50
2640 Vinstro

Telefon
61 21 61 00

Telefaks
61 21 61 01

E-post
postmottak@
nord-fron.
kommune.no

www.
nord-fron.
kommune.no

Bankgiro
2095.06.05775

Bankgiro skatt
6345.06.05168

Administrativ uttale jf. høyring av ny forskrift om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket

Nord-Fron kommune syner til tilsendt høyring jf. ny forskrift om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket.

Eksisterande forskrift om produksjonstilskot i jordbruket er 12 år og regjeringa såg det naudsynt med ein meir fullstendig gjennomgang av produksjonstilskotsforskrifta. Regjeringa varsla Stortinget i Prop.106 S (2013-2014) om at departementet ønska ein større revisjon av nemnte forskrift. Føresegner om produksjonstilskot og avløysartilskot er nå samla i forslag til ei ny forskrift.

Kommunen har følgjande hovudmerknader:

§ 2 Grunnvilkår

Vilkåret om at «vanleg jordbruksproduksjon» går føre seg på/ er knytt til ein eller fleire landbrukseigedomar bør inn att i forskrifta.

§ 6 Avløysing ved ferie og fritid

I denne samanheng syner ein også til høyringsnotatet, dagsett den 9.juli 2014. Høyringsnotatet syner at det er lagt opp til ein del endringar i høve til avløysarordninga. Særskilt vil ein her trekkje fram endringa der det nå er bestemt at avløysartilskotet ikkje skal kunne betalast ut til ein «utenforstående juridisk tredjepart» dvs. her t.d. avløysarlag. Slik ordninga fungerer i dag er det valfritt for søkjar/husdyreigar om avløysartilskotet skal betalast ut til avløysarlaget eller ikkje. Dagens ordning har medført ein fleksibilitet og ein fryktar at konsekvensen av endringane som er føreslått kan svekke det økonomiske grunnlaget for avløysarlag. Det er behov for eit oppegåande og godt tilbod jf. avløysing til ferie/fritid, dette ikkje minst med tanke på rekruttering til landbruket. Ungdom som overtek landbrukseigedomar ønskjer seg ferie/fritid i meir ordna former, og det er derfor svært viktig at det frå sentrale styresmakter blir lagt til rette for dette. Ein vil rå i frå å endre ei ordning som har synt seg å fungerer bra for alle partar.

Fron Avløserlag administrerer og tilbyr tenester for avløysing for ferie og fritid og sjukdomsavløysing til gardbrukarar både i Nord-Fron og Sør-Fron. Avløysarlaget disponerer landbruksvikarane og avløysarar. Ut i frå innhenta informasjon har avløysarlaget også avtale med «beredskapsavløysarar», slik at

det til ein kvar tid kan tilby husdyreigarane avløyasing til ferie/fritid og sjukdom ved behov. I følgje årsberetning frå Fron Avløserlag hadde bedrifta 342 tilsette i 2013.

§ 7 Utmåling

Det er her sett fokus på driftsfellesskap. Det er viktig med eit klart regelverk, slik at det ikkje oppstår tvil i høve til kva tilskot det kan søkjast på utan at det blir driftsfellesskap.

§ 8 Søknad

Konsekvens av for seint innlevert søknad er foreslått vidareført med ein reduksjon i utbetaling på kr. 1000 for kvar dag. Dette er å rekne som ei relativt «hard straff» sett i høve til ev. ekstraarbeid med søknaden. Det bør derfor vurderast ein lågare sats pr. dag.

Med helsing

Geir Johan Groven
Avdelingsleiar

Eldri Siem
jordbrukssjef

Godkjend og sendt ut utan underskrift iht. interne rutinar.